



## Møteprotokoll

### Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 07.03.2023  
**Møtestad:** Kommunehuset - kantina  
**Møtetid:** 16:15 - 18:30

Møtet startar 16.15 med synfaring på Austrheim Arbeidssenter, oppmøte der.

På synfaringa deltek også:

Frå administrasjonen kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy, einingsleiar Britt Silvia Erstad Marøy

Frå Austrheim kommunale eigedomsselskap styreleiar Solveig Lerøy, og styremedlem Ole Moen.

Andre saker:

- Skyss til Aufera (vedtak kommunestyret ligg som melding her)
- Teikningar skulebygg (etterlysing av teikningar ligg som melding her)

Frammøtte medlemmer	Rolle
Helge Dyrkolbotn	Medlem
Anny Helene Sætre Bertelsen	Medlem
Mette Ekornrød	Medlem
Odd Sigvald Øksnes	Utvalseleiar

Forfall meldt frå medlem:	Rolle
Ann Kristin Leirvåg	Medlem
Ivar Bergsvik	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Rolle
Gro Vigdis Johannessen	Varamedlem
Hege Ramsland	Varamedlem

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Anne Hildegunn Færøy, Ketil Tjore

---

Austrheim 10. mars 2023

Odd Sigvald Øksnes  
møteleiar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
004/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
005/23	Godkjenning av møteprotokoll
006/23	Meldingar
006/23.1	Oppmerking av parkeringsareal
006/23.2	Spørsmål om branntryggleik
006/23.3	Svar om oppmerking av parkeringsareal (Austrheim samfunnshus)
006/23.4	Svar om oppmerking av parkeringsareal (kommunen)
006/23.5	Svar på spørsmål om branntryggleik
006/23.6	Spørsmål frå leiar i RMNF - Innsyn i kommunale byggesaker
006/23.7	Vedtak - Prinsippvedtak om skyss til Aufera
007/23	Orienteringssak

## **004/23: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **07.03.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Handsaming i rådet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **RMNF - 004/23 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vart godkjent

---

## **005/23: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **07.03.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Handsaming i rådet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **RMNF - 005/23 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

---

## **006/23: Meldingar**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

### **07.03.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Møtesekretæren oppsummerte meldingane, som stort sett var brev som er sende etter vedtak i rådet, og svar på desse.

For oppmerking av HC-parkeringsplass ved Austrheim samfunnshus, og branntryggleik for rullestolbrukarar, set møtesekretæren representant Ekornrød i kontakt med Austrheim samfunnshus.

Handsaming i rådet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

#### **RMNF - 006/23 VEDTAK:**

Meldingane vert tekne til orientering

---

#### **006/23.1: Oppmerking av parkeringsareal**

**Framlegg:**

**Handsaming:**

**Vedtak:**

---

#### **006/23.2: Spørsmål om branntryggleik**

**Framlegg:**

**Handsaming:**

**Vedtak:**

-----

**006/23.3: Svar om oppmerking av parkeringsareal (Austrheim samfunnshus)**

**Framlegg:**

**Handsaming:**

**Vedtak:**

-----

**006/23.4: Svar om oppmerking av parkeringsareal (kommunen)**

**Framlegg:**

**Handsaming:**

**Vedtak:**

---

**006/23.5: Svar på spørsmål om branntryggleik**

**Framlegg:**

**Handsaming:**

**Vedtak:**

---

**006/23.6: Spørsmål frå leiar i RMNF - Innsyn i kommunale byggesaker**

**Framlegg:**

**Handsaming:**

**Vedtak:**

---

**006/23.7: Vedtak - Prinsippvedtak om skyss til Aufera**

**Framlegg:**

**Handsaming:**

**Vedtak:**

---

**007/23: Orienteringssak**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

**07.03.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

I forkant av møtet var RMNF på synfaring på Austrheim Arbeidssenter. I tillegg til medlemmene i rådet deltok også kommunalsjef helse og velferd Anne Hildegunn Færøy, Inger-Lise Haugland Nordanger frå avdeling for Arbeid og inkludering, styreleiar i Austrheim Kommunale Eigedomsselskap (AKE) Solveig Lerøy, styremedlem i AKE Ole Moen, og møtesekretær Ketil Tjore.

Medlemmene i rådet var under synfaringa leiar Odd Øksnes, Helge Dyrkolbotn, Mette Ekornrød, Hege Ramsland (vara for Ann Kristin Leirvåg), Gro Johannessen (vara for Ivar Bergsvik), og Anny Bertelsen.

----

Prosjektleder Rolf Henning Myrmel orienterte om planane for tilbygg Årås barne- og ungdomsskule og utbetring Kaland skule. Myrmel beklaga at desse teikningane ikkje var sendt over til råda i same omgang som det var ordna med oversending til Arbeidstilsynet og Miljøretta helsevern. Det vart lova at dette skal vera i orden ved prosjekt framover i tid.

Prosjektleder Rolf Henning Myrmel viste teikningar for tilbygget på Årås skule.

På Årås er det bestilt automatiske dørøpnarar med sensor for døra inn til HC-toalettet og til ytterdøra, og ein vurderer dørøpnarar for fleire dører. Det er også bestilt hev-senk til vask på HC-toalett, etter innspel.

På spørsmål om bruk av skyvedører inn til klasseromma, svara Myrmel at det er utfordringar med å oppfylle lydkrava med slike dører, utan at ein bestiller dører som er ein del meir kostbare enn vanlege dører. For betre tilkomst til HC-toalettet, kan det vera aktuelt å kutta noko av garderobeskapa for å laga meir plass.

Flytting av HC-toalett og andre større endringar, er det for seint å endra på no, mellom anna sidan røyropplegg er støypt ned i grunnen.

Mette Ekornrød sa at det er utfordringar med plassen mellom klasseromma, der tre dører slår inn på same plassen.

Rolf Henning Myrmel sa at det kan vera ein tanke for RMNF å be om at kommunen legg seg på ein høgare standard enn minstekravet etter norm. Ser det at når ein har starta med å planlegga etter minstenorm, då er det kostbart å gjera rettingar i etterkant. Dette prosjektet oppfyller minstekrava.

Helge Dyrkolbotn sa at reguleringsplanar og byggesaker som dette må gå via rådet, slik at ein får med seg desse innspela.

Prosjektleder Rolf Henning Myrmel viste teikningar for opprustinga av Kaland skule.

For å sikra universell utforming av skulen vert hovudinngangen flytta til nedsida av skulen, og det vert sett inn heis som gjev tilkomst til alle etasjeplan, men det vil likevel vera nokre klasserom utan universell tilkomst. Det er lagt opp med automatiske dørøpnarar til både inngangsdøra og heisen, og det kjem eit nytt Handicaptalett, i tillegg til eit eksisterande.

Rådet spurte om plassering av stikkontaktar, desse er sett i skinne på veggen i høgde under vindauge.

Semje i rådet om at det må sikrast at byggesaker og andre saker som angår brukargruppene, må sendast RMNF for uttale.

-----

Leiar av rådet Odd Øksnes refererte vedtaket i kommunestyret om skyss til Aufera.

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om saka og bakgrunnen, jamfør presentasjon som ligg ved protokollen. Ønskjer å sjå på ei løysing for alle med dette behovet, ei løysing som er varig over tid. Kan også sjå korleis andre kommunar har løyst dette med støtte frå fylkeskommunen.

Helge Dyrkolbotn spurte om vurderingane rundt dette individuelle behov, om det rett at dei som vert vurderte utan behov misser skyss alle dagar, ved at den individuelle vurderinga fører til at tilbodet vert mindre enn i dag.

Hege Ramsland spurte om dei som har VTA-plass andre stader, klarer me likebehandling for dei for skyss?

Rådet diskuterte om det bør vera brukarrepresentant eller brukar med i det utvalet som skal setjast ned.



- Rådet meiner dette utvalet bør ha med ein medlem frå administrasjonen, ein frå RMNF og ein representant frå NFU.
- Oppsummert etter møtet stiller leiar Odd Øksnes som RMNF sin representant, medan Elsa Skare stiller frå NFU.

-----  
Anny Bertelsen spurte om kommunalsjef Færøy er orientert om den behovslista som er laga for kva rom det bør vera på eit arbeidssenter. Dette hadde Færøy ikkje, den blir oversendt av møtesekretær.

Hege Ramsland ba om at brukarane vart tekne med på råd når det skal vurderast kva rom arbeidssenteret bør ha. For dagens arbeidssenter må ein vurderer kva tilbodet skal vera, og tilrettelegga romma ut frå korleis dette best kan brukast.

-----  
Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy spurte om ein kan leggja opp til planmøte for å setta saklistene i forkant av kvart møte, med leiar, kommunalsjefen og møtesekretæren. Dette fekk støtte frå RMNF.

Handsaming i rådet:  
Rådet tok samrøystes orienteringane til vitande.

**RMNF - 007/23 VEDTAK:**

Orienteringane vert teke til vitande.

-----